

MØTEPROTOKOLL

Herdla sokneråd

Råd	Møtedato	Tidspunkt
Herdla sokneråd	13/8 2014	frå kl 18.30 - til 21.30
Sak frå : 62/ 2013 Sak til: 70/ 2013		<u>Møtestad:</u> Kyrkjelydshuset

Frammøtte: 6 av 8 medlemmar

Til stades

Medlemer:

Karen Skråmestø, Kjellaug F. Eidsaa, Jonas Bratli, Helge Heggernes, Kjell Berland.

Varamedlem: sokneprest Harald Forland

Meldte forfall: Martin Øystese og Astrid Marie Haugland

Administrasjonen:

Andre frammøtte:

Underskrifter:

.....
.....
.....

Sak nr/år

62/2014 Møteprotokoll frå 30. juni, vart godkjent.

63/2014 Meldingar

- To nye medarbeidarar er tilsett i Askøy. Dei skal arbeide med trusopplæringsplanen. Ingvild Augestad Syversen skal ha Herdla som ansvarsfelt. Ho vert med på neste møte.
- MILK-kurs. Ingen frå Herdla. Vi må prøve å få nokon med.

64/2014

06.07: kl.19.00: Hovudgudsteneste v/Tone Marit H. Dyrkolbotn. Offer til eige arbeid.
27.07: kl.11.00: Hovudgudsteneste v/Astrid Marie Haugland. Dåp. Offer til eige arbeid.
10.08: kl.11.00: Hovudgudsteneste v/Astrid Marie Haugland. Nattverd.

24.08: kl 11.00: Familiegudsteneste v/Erling Kopperud. Dåp, Offer til eige arbeid.
Utdeling av Bok til 6. åringar, markering av skolestart.

65/2014 Konfirmasjonsdagen 13. sept. Planlegging.

Det må informerast om at folk må vere ute av kyrkja etter første konfirmasjon i god tid før neste konfirmasjon.
Karen ordnar med roser til konfirmantane.
Det må ordnast med mat til dei som er i kyrkja heile dagen.

66/2014 50 årskonfirnantfest 21. sept. Planlegging.

Harald Forland er prest.

Karen bestiller snittar og Kjell ordnar med kake.

67/2014 Eldremiddag.

Vi planlegg eldremiddag etter gudstenesta 19. oktober.

68/2014 Byttedag ??

Utsett.

69/2014 Songkveld.

Soknerådet arrangerer salmekveld i kyrkja onsdag 29. oktober kl 19.00.

Terje Haugom og Geir Kvinge spelar.

70/2014 Soknerådsval 2015.

Vi må lage liste over mogelege kandidatar.

Ei nominasjonsnemnd må oppnemnast.

Neste møte vert onsdag 10. september

Heggernes, 17. august 2014

Helge Heggernes

skrivar (sign)